Forskrift om bandtvang, Hustadvika kommune, Møre og Romsdal

Forskrifta erstattar Forskrift FOR 2006-06-19-655 om hundehald, Fræna kommune, Møre og Romsdal

§ 1 *Utvida bandtvang.* I Hustadvika kommune skal hundar i tillegg til den ordinæere perioden for bandtvang 1. april til 20. august, også haldast i band eller forsvarleg innestengt eller inngjerda i perioden 20. august til og med 20. september.

§ 2. *Offentleg stad*. På skuleplassar, barnehagar og kyrkjegardar er det forbode å la hund gå laus.

§ 3. *Unntak*. Unntak frå § 1 går fram av hundelova sin § 9 «Unntak frå sikringsreglane».

Dette inneber at i fleire typer teneste, førarhundar under opplæring og jakthund og ettersøkshund under trening og prøving er etter hundelova unnateke krav om bandtvang. Dette gjeld så lenge det ikkje er i strid med anna lovverk.

Hustadvika kommune kan etter søknad med samtykke frå grunneigar gje løyve til treningsområde der hund kan trenast utan band, jfr hundelova § 9 første ledd bokstav e.

§ 4. *Ekstraordinær bandtvang*. Mynde til å fastsetje forskrift om bandtvang for å beskytte viltet under ekstraordinære tilhøve, med heimel i hundeloven § 6 andre ledd bokstav f., er delegert til Landbrukssjefen i kommunen.

§ 5. *Særlege tilfelle*. Hustadvika kommune ved Landbrukssjefen kan etter skriftleg søknad i særlege tilfelle dispensere frå denne forskrifta § 1.

§ 6. Ikraftsetjing. Denne forskrifta tek til å gjelde straks. Samstundes vert forskrift 1996-02-02-158 om Hundehald, Fræna kommune, Møre og Romsdal, oppheva.